

# Møteinnkalling

---

<b>Utval:</b>	<b>Jostedalsbreen nasjonalparkstyre</b>
<b>Møtestad:</b>	Hotell Alexandra, Loen
<b>Dato:</b>	01.09.2016
<b>Tidspunkt:</b>	17:00

---

Hei,

Velkommen til haustens første møte i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Møtestad denne gongen er i Loen, Stryn.

Etter møtet får vi middag på hotellet, og alle har fått reservert overnatting til neste dag. På fredagen er det duka for synfaring opp til Skåla. På turen vil styret sjå stien, ferdsla og landskapet som ofte er tema under styremøta. På toppen av fjellet vil vi sjå det nye sikringsbygget som reiser seg, og få ein prat med byggeleiaren.

Turen er ganske lang, og veldig godt tilrettelagt for ferdsel. Vi reknar om lag fem timer opp og tre timer ned att. Det er viktig at alle tar med god matpakke, termos, drikkeflaske, sitteunderlag og varme kle. Lue og votter er og godt på toppen av fjellet! Gode sko er viktig. Både smøring av matpakke og fylling av termos gjer vi under frukosten på hotellet.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 93 66 42 56 eller på e-post til forvaltaren. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed. Vel møtt!



## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 31/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 32/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 33/16	Orienteringar		
ST 34/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterlanding i samband med tilsyn av Kjøsnesfjorden kraftverk - Sunnfjord Energi		2016/2990
ST 35/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - notat som grunnlag for diskusjon: tiltak og aktivitet i verneområdet utan løyve		2016/2296
ST 36/16	Eventuelt		

### Orienteringar:

1. Status på tiltaksplanen
2. Reopning på den nyrestaurerte stien til Lundeskaret
3. Mange spørsmål kring droner, avklaring i forhold til forskrifta
4. Plukking av stein til forblending av Skåla, samt utviding av tal helikopterlandingar
5. Status kring Sogndal kommune sitt faste styremedlem.
6. Motteken søknad frå DNT-Oot om ny hytte på Sunndalssetra.
7. SNO v/ Anne Rudsengen viser bilete frå sommaren 2016.

**ST 31/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 32/16 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

**ST 33/16 Orienteringar**

Arkivsaksnr: 2016/2990-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 16.08.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	34/16	01.09.2016

## Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterlanding i samband med tilsyn av Kjøsnesfjorden kraftverk - Sunnfjord Energi

### Innstilling frå forvaltaren

I medhald av naturmangfoldlova si § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Kjøsnesfjorden kraftverk/Sunnfjord Energi for landing med helikopter på omsøkte punkt i verneområdet i samband med drift og tilsyn av kraftverket med tilhøyrande anlegg.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld frå dags dato og fire år fram i tid, altså t.o.m. 1. september 2020.
2. Flyginga bør være mest mogeleg konsentrert i tid, og unngå helgedagar, heilagdaggar og store utfartsdaggar.
3. Helikopterflyginga må avgrensast til det som er strengt naudsynt for drift og tilsyn av anlegg, og de må ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
4. Rapport om flyginga, datoar, omfang og spesielle observasjonar sendast til nasjonalparkforvaltaren innan 1. desember kvart år.

Det vert i utgangspunktet *ikkje* gjeve løyve til lågtflyging langs traseen sør for Sygnesandnipa, då det er heilt kurant å fly den nordlege ruta for å unngå flyging langt innanfor nasjonalparkgrensa. Dersom vêrtilhøva e.a. likevel tilseier at det er umogeleg å fly den nordlege ruta, må nasjonalparkforvaltar varslast pr telefon/e-post.

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka:


- Søknad frå Kjøsnesfjorden kraftverk v/ Kjell Johnny Kvamme datert 10. juni 2016, og utfyllande søknad frå Sunnfjord Energi v/ Helge Vidar Sølvberg datert den 16. august 2016.
- Tidlegare løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frå 2004.

- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfoldlova

### Søknaden:

Søknaden frå Sunnfjord Energi gjeld landing med helikopter på utvalte stader både innanfor og utanfor vernegrensa til Jostedalsbreen nasjonalpark. Søknaden er sendt både Jølster kommune og Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Området for den omsøkte motoriserte ferdsla er inst i Kjøsnesfjorden i Jølster kommune.

Kjøsnesfjorden kraftverk har konsesjon for regulering av Trollavatnet og overføring av ulike bekkeinntak i området. Drifta av anlegget i fjellet krev bruk av helikopter for å frakte utstyr og personell. Flyginga er omsøkt for å kunne drive lovpålagt tilsyn med anlegget, vedlikehald av ulike installasjonar og manøvrering av luker. Kraftverket søker om å fly i følgjande utstrekking per år: Eitt hovudtilsyn, sesonginspeksjonar, ein driftsoperasjon (involverer spyling og reinsk av inntak) og 1-3 opningar av luker. Dei søker om eit femårig løyve, av praktiske årsakar.



Jølster kommune må handsame søknaden etter motorferdslelova. Nasjonalparkforvaltaren har hatt kontakt med kommunal sakshandsamar i saka.

Landingsplassane vil vere nære dei aktuelle bekkeinntaka på aust- og sørsida av Lundebotnen og vestsida av Søgnesanddalen, tilpassa dei fysiske forholda på staden. Ut i frå kartet er 7 av bekkeinntaka, samt ein tunell, på eller innanfor (inntil 250m innanfor) grensene for Jostedalsbreen nasjonalpark, slik grensa vart vedteke ved Kgl. res. 25.10.1991. Som følge av vedtaket om konsesjon for bygging av Kjøsnesfjorden Kraftverk, skal grensene i området endrast slik at alle bekkeinntak vert liggjande utanfor nasjonalparken. Desse grenseendringane er ikkje gjennomførte pr. dags dato,

men Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har tilrådd justering av grensene, og saka ligg no til handsaming i Miljødirektoratet. Straks grenseendringane er vedteke, så vil behovet for flygeløyve bli redusert/forsvinne.

#### Lovgrunnlag:

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forskrifta har forbod mot landing og lågtflyging under 300 meter over bakken. Nasjonalparkstyret kan gjere unntak frå vernereglane dersom det ikkje strider mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, og då, i dette tilfellet, bruke den generelle unntaksregelen i naturmangfoldlova si § 48.

Etter naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfold, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

#### **Vurdering**

Forvaltar har vore i felt fleire gonger i området inst i Kjøsnesfjorden, og vurderer at det ikkje er mogeleg å ta seg fram til fleire av dei omsøkte punkta til fots. Det er særst bratte fjellsider, og utilgjengelege område. Alternative driftsmetoder enn helikopter er såleis ikkje mogeleg (nml §§ 8, 12). Områda består av fjell, og område nærre bre med lite vegetasjon. Det er fleire turstiar i området, m.a. stien opp Lundeskaret som nasjonalparkstyret har oppgradert, samt Sygnesanddalen, inn til Femtevatnet, m. fl. Indre Sunnfjord og Jølster auker stadig i popularitet som turdestinasjon. Det er ikkje registrert reir eller hekking av spesielt sårbare artar i umiddelbar nærleik til dei omsøkte landingsområda (nml § 8). Det kan heller ikkje utelukkast at det er sårbar fugl i dette området. I området Grovabreen er det villrein, ein art som vil kunne være sårbar for helikopterstøy, særleg i visse periodar i året.

Samla belastning av helikoptertrafikk i dette området er lita (nml 110). Den motoriserte ferdsla kan påverke villreinen i området, og nasjonalparkforvaltaren vurderer såleis at det ikkje er naudsynt å fly den sørlege traseen ved Søgnesandnipa. Den nordlege traseen er betre å nytte i så måte, då den ikkje går innom nasjonalparken (nml §§ 9, 12), sjølv om ruta kanskje er lenger i luftlinje då (nml § 11). I og med at det mest sannsynleg vil skje ei justering av vernegrensa som gjer at alle landingspunkta vil ligge utanfor nasjonalparken, reknar også nasjonalparkforvaltaren at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har godt kunnskapsgrunnlag som tilseier at naturmangfoldet på disse punkta ikkje vert redusert.

Av omsyn til folk som ferdast i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro (nml § 10). Kjøsnesfjorden kraftverk bør unngå motorisert ferdsel i helgene, og det bør ikkje være motorisert ferdsel i dei store utfartsdagane i mai og juni (kring 1. mai, 17. mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse).

Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet, og vilkåret i fyrste avsnitt i naturmangfoldlova § 48 er difor oppfylt. Kjøsnesfjorden kraftverk søkjer om eit femårig løyve, men behovet for løyve frå nasjonalparkstyret vil falle bort når grensejusteringa er vedteke av Miljødirektoratet. Forvaltar vurderer at dette truleg vil skje innan få år. Nasjonalparkstyret pleier å gje fireårige løyve, og forvaltar vurderer at Miljødirektoratet vil kunne vedta grenseendringa innan denne fireårige tidsramma.

Arkivsaksnr: 2016/2296-5

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 29.08.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	35/16	01.09.2016

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - notat som grunnlag for diskusjon: tiltak og aktivitet i verneområdet utan løyve

Med jamne mellomrom dukker det opp enkeltsaker i nasjonalparken der det er tiltak eller aktivitet som ikkje er omsøkt, eller ikkje fått løyve frå nasjonalparkstyret. Det kan også være tiltak som har fått løyve, men som har unnlate å følgje opp vilkår i løyvet.

Miljødirektoratet jobber no i disse dagar med ein vegleiar for korleis vi skal handsame slike tiltak. Vegleiaren kjem truleg i løpet av september, og nasjonalparkstyret kan uansett begynne ein diskusjon på kva som er best å gjere i ulike tilfelle. Nokon gonger hastar det kanskje med oppfølging av ei sak, og det blir vanskeleg å vente opptil tre månader til neste styremøte for ei avklaring. Er det nokon saker der styreleiar eller AU og sekretariat kan nyttast?

Ein kompliserande faktor per dags dato er at nasjonalparkstyret ikkje har høve til å be om "retting", eller fjerning av eit tiltak. Det er såleis formelt sett litt vanskelegare, t.d. i eit møte, å be om at noko skal rivast dersom noko ulovleg har blitt sett opp. Formelt sett så er det, jf naturmangfoldlova, Fylkesmannen som kan krevje "retting". Slik blir det heile meir byråkratisk, og fleire brev, noko som også lettare kan plukkast opp av media. Det styret kan be om er ein søknad. Då må styret handsame søknaden som om tiltaket ikkje allereie er gjennomført. Miljødirektoratet har sagt ved tidlegare høve at styra truleg får delegert myndet til å pålegge retting, men ikkje konkretisert kva tidspunkt dette ev blir gjennomført.

Nasjonalparkstyret ber SNO, kvar år i bestillingsskjemaet, om følgjande topp prioriteringar i sitt arbeid i nasjonalparken:

- Halde oppsyn med at verneforskrifta blir halde i Jostedalsbreen nasjonalpark.

- Sjå til at styrevedtak vert overhalde i dispensasjonssaker. SNO kan, på sjølvstendig vilkår, velgje å melde eit tiltak til politiet. Alternativt kan SNO sende rapport til nasjonalparkstyret, som vurderer saka på sjølvstendig grunnlag.

Jamfør vedtekter for nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen nasjonalpark i Sogn og Fjordane fylke, punkt 8.5 står det:

*Brot på naturmangfaldlova/verneforskrifta, rapportar og melding til politiet: Styret har som forvaltningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskrifta som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart. Kopi av melding til politiet/rapport, samt avgjerd frå politiet skal sendast Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Der administrative sanksjoner er aktuelt jf naturmangfoldloven kap. IX, skal styret sende over ein rapport om forholdet til Fylkesmannen - med kopi til Miljødirektoratet.*

I teorien er det politiet som skal vurdere om noko er eit brot på eit lovverk eller ikkje. Nasjonalparkstyret kan sende saker over til politiet for den type vurderingar. Ein skal jo samstundes ha respekt for politiet sin arbeidstid, og ikkje overforbruke dei i tide og utide.

Døme på aktuelle saker kan være oppsetting av platting utanfor bygg, utskifting av tak, oppsetting av tilbygg, brenning av søppel, flyging med helikopter utan løyve eller brot på vilkår i løyve, merking av stiar og løyper, oppsetting av skilt, bygging av bruer, planering, drenering av myr, m.m.

Kor går grensa på når styret skal melde noko til politiet? Det er for mykje å vurdere slike verkemiddel viss ein har køyrt ein scootertur for mykje, eller viss ein ivrig sjel har merka og rydda ein sti som ikkje var der frå før. Men kva viss det er nye bygg eller tømning av større mengde søppel? Kva bør vi reagere på og kva skaper presedens for andre? Ved tilfelle av forsøpling kan vi, i lag med den ansvarlege, lage ein plan for opprydding. Slik kan vi kanskje sette strek og leggje det bak oss? Og kva viss nokon har brent søppel for å sleppe å frakte det ut av verneområdet?

Der det er "gamle synder", til dømes større mengde skrot som ligg langt frå veg, og der eigarskapsforholda er uklåre, kan nasjonalparkstyret ev nytte eigne ressurser på å få det flydd ut av verneområdet. Då vil ein kunne starte meir med "blanke ark", og holde oppsyn med at det ikkje utviklar seg på nytt.

Økokrim og Miljødirektoratet oppfordrar faktisk nasjonalparkstyra til å melde saker til politiet. I kvar enkelt sak må vi vurdere om det har den allmennpreventive effekten, eller om det er betre å ta saka vidare i dialog med dei det gjeld. Og kor set styret streken dersom dialogen ikkje fører dit ein ønskjer?

Kva Jostedalsbreen har oppnådd i dei enkelte sakene vi har erfaring med, kan vi ta under styremøtet. Les gjerne gjennom verneforskrifta ein ekstra gong før diskusjonen.

Forvaltar ønskjer å setje i gong ein diskusjon i styret om korleis vi best kan følgje opp disse sakene. Denne diskusjonen kan munne ut i eit notat som vi kan flette inn i forvaltningsplanen.

## **ST 36/16 Eventuelt**